

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

BIOFORSK ØST, LØKEN

Kommune:

544/Øystre Slidre

Gnr/bnr:


53/1
34/1

AskeladdenID:

161013

Referanse til landsverneplan:

Kompleks 1845



Omfang fredning

Byggnavn	Oppført	Bygningsnr.	Gnr/bnr	Omfang
• ADMINISTRASJONSBYGNING	1990	158228807	34/1	Eksteriør
• DRIFTSBYGNING	1922	158228823	34/1	Eksteriør
• FORSØKSLÅVE	1953	158228823	34/1	Eksteriør
• FORSØKSLÅVE BJØRNHAUG	1930	158267241	53/1	Eksteriør/Interiør
• HOVEDBYGNING	1850	158228793	34/1	Eksteriør/Interiør
• HØNSEHUS	1800	158225565	34/1	Eksteriør/Interiør
• INTERNAT	1951	158228858	34/1	Eksteriør
• PARKERINGSHUS	1938 - 1939	158228866	34/1	Eksteriør
• STABBUR LØKEN	1938	158228815	34/1	Eksteriør
• TOMANNSBOLIG	1938 - 1939	158228831	34/1	Eksteriør
• UTOMHUS			34/1	Utomhus
• VERKSTED/SMIE	1850	158228874	34/1	Eksteriør



Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

Fredning kompleks


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningane i det indre gardstunet, samt eit utomhusareal. Fredinga omfattar vidare smia, det gamle høsehuset/geitefjøset og forsøkslåven på Bjødnhaugmyra freda.
- Fredinga skal sikre einskildbygningane, den innbyrdes samanhangen til bygningane samt kulturhistoriske verdiar knytte til anlegget som heile.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på eit verdifullt kulturmiljø i eit landskap med stor tidsdjupne, og bygningar både frå tida som presteenkjese, prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Det omfattar bygningar og kulturmiljø på Løken og forsøkslåven på Bjødnhaugmyra som til saman utgjer ein verdifull heilskap.
- Begrunnelse:** Forsøks garden for fjellbygdene vart oppretta i 1918, og er i dag den eldste forsøks garden som framleis er i bruk. Forsøks garden vart flytta til Løken i 1922. Løken har mange ulike bygningstypar med ulike funksjonar som tilsaman fortel ei historie frå tida som presteenkjese, prestegard og som forsøks garden for fjellbygdene. Som den eldste forsøks garden dekkjer bygnings historia så og seia heile tidsrommet det har vore forsøks verksemd i landbruket i Norge.
- Bygningane viser utviklinga frå enkle kontortilhøve til moderne kontor og laboratoriebygg, frå enkle vognskjul for hestereiskap til redskapshus og verkstad for moderne jordbruksreiskap og forsøks teknisk utstyr. Bygningane viser også det store behovet det var å byggje hus for dei tilsette og ekstrahjelpa om sommarane, eit behov som knapt eksisterer i dag. Husdyrfjøs var det på alle forsøks garden og det var gjerne det huset som først vart bygd.
- Bygningane på Løken viser i stor grad det typiske for forsøks verksemda generelt at ein tok i bruk eksisterande bygningar og bygde nye etter dei behova ein hadde til ein kvar tid.
- Bygningane på Løken representerer ein verdifull heilskap saman med bygningar på husmannsplassen Tinden, stølen Berset og forsøks låven på Bjødnhaugmyra. Bygningane ligg i eit område med fleire kulturminne og automatisk freda kulturminne frå jernalderen og vikingetida.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

ADMINISTRASJONSBYGNING

Bygningsnr:	158228807
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1990
AskeladdenID:	161013-8
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 5005 Kompleks 1845



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, pipeløp over tak og detaljar som skilt og dekor m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på bygningen som ein del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø som det indre tunet på Løken representerer frå tida som forsøksgard for fjellbygdene.
Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Bygningen med sin særmerkte arkitektur er utforma av arkitektane Rune Urne og Hans Kristian Syversen. Arkitektonisk knyter bygningen saman gamal og ny arkitektur på ein god måte. Bygningen viser noko av den omstilling og nyskaping som har skjedd innan forskinga. Huset er eit viktig element i firkanttunet og dannar austsida i det indre gardstunet på Løken.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

DRIFTSBYGNING

Bygningsnr:	158228823
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1922
AskeladdenID:	161013-5
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 4985 Kompleks 1845



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge og dører.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på denne driftsbygningen som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø frå tida som prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Driftsbygningen var det første huset som vart reist etter at Løken vart forsøksgard. Bygningen er tidstypisk og i seg sjølv ein viktig del av forsøkshistoria. Bygningen er eit viktig element i firkanttunet og dannar nordsida i det indre gardstunet på Løken.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

FORSØKSLÅVE

Bygningsnr:	158228823
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1953
AskeladdenID:	161013-7
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 11722 Kompleks 1845



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på denne forsøkslåven som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø frå tida som prestegård og forsøksgard for fjellbygdene. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Forsøkslåven vart bygd for å ha eit hus der ein kunne drive forsøkssteknisk arbeid innan planteforedling, jord- og plantekultur. Tilsvarande forsøksfunksjonar har vore utført på mange forsøksgardar i Bioforsk, og bygningen har vore og er ein viktig del av forsøkshistoria til Løken. Forsøkslåven representerer også ein verdifull del av bygningsmiljøet på Løken.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

FORSØKSLÅVE BJØRNHAUG

Bygningsnr:	158267241
Gnr/bnr:	53/1
Oppført:	1930
AskeladdenID:	161013-4
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 4992 Kompleks 1845



Fredning bygning

Omfang: Fredinga omfattar bygningens eksteriør og interiør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, planløsning, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstader, pipeløp over tak m.v. Omfang av interiørfredningen gjelder interiøret som del av konstruksjonen.

Formål: Formålet med fredinga er å ta vare på forsøkslåven frå 1930 som ein sjeldan representant for verksemda med dyrking- og engvekstforsøk på myr i fjellet. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater. Formålet med fredinga av interiøret er å oppretthalde interiøret som del av konstruksjonen, opphavleg rominndeling med opphavlege og eldre bygningsdelar, overflater og materialbruk.

Begrunnelse: I mellomkrigstida med nedgangstider, var det ei brei satsing i landet for å auke jordbruksarealet. Ikkje minst var det sterk fokus på å kunne ta myrareal i bruk. I fjellbygdene var myrene i stølsområda spesiell interessante, og Bjødhaugmyra, som ligg to kilometer innanfor Berset, var ei myr som var eigna til formålet.


Bygningen dokumenterer ein tidsepoke då det var viktig å kunne nytte og utvikle potensialet fjellet hadde for å styrke førgrunnlaget til bureisingsbruk og små gardsbruk elles. Myr dyrking skjedde over heile landet, ikkje minst i regi av Det Norske Myselskap og Selskapet Ny Jord. Dette er truleg den einaste bygningen i sitt slag som det vert tatt vare på.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

HOVEDBYGNING

Bygningsnr:	158228793
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1850
AskeladdenID:	161013-3
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 4995 Kompleks 1845



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og interiør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, planløsning, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstader, pipeløp over tak. Fast inventar som skåp, omnar, tekniske installasjonar m.v. er freda som del av interiøret.
- Formål:** Formålet med bygningen er å ta vare på bygningen som ein viktig del av eit variert og verdifult kultur- og bygningsmiljø i det indre tunet på Løken frå tida som prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater. Formålet med fredinga av interiøret er å oppretthalde opphavleg rominndeling med opphavlege og eldre bygningsdelar, overflater og materialbruk, belysning, armaturar og detaljar, samt opphavleg, fast inventar.
- Begrunnelse:** Hovudbygget vart bygd som prestebustad då Løken gjekk over til å bli prestegard att. Arkitektonisk er bygningen interessant sidan det er eit bygg som er oppført etter planløysingar som Kyrkjedepartementet gav ut i 1835, og som tidlegare er kjend frå prestegardane i Lyngdal, Kolvereid og Hamarøy.
- Bygningen har endra karakter gjennom tidene, men kjernekvatitetane i hovudbygget er i stor grad oppretthalde. I tillegg er huset ein viktig del av eit større kultur- og bygningsmiljø. Huset er eit viktig element i firkanttunet og dannar sørsida i det indre gardstunet på Løken. Huset er eit sentralt element både i prestegards- og forsøksgardshistoria på Løken.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

HØNSEHUS

Bygningsnr:	158225565
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1800
AskeladdenID:	161013-9
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 5001 Kompleks 1845



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og interiør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, planløsning, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge og dører.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på hønseshuset som representant for eit typisk uthus med særskilt funksjon på gardsbruk før 1850, og som ein del av eit verdifullt kulturmiljø frå tida som prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater. Formålet med fredinga av interiøret er å oppretthalde opphavleg rominndeling med opphavlege og eldre bygningsdelar, overflater og materialbruk og belysning.
- Begrunnelse:** Hønseshuset er den eldste bygningen på Løken. Dette er eit typisk hus på gardsbruk før det første hamskiftet, då det var vanleg med mange ulike bygningar for ulike funksjonar. Dette er også ein bygningstype som er i ferd med å bli borte. Huset ligg i utkanten av tunet, men representerer ein verdi for heilskapen på Løken som prestegard og forsøksgard.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

INTERNAT

Bygningsnr:	158228858
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1951
AskeladdenID:	161013-6
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 4984 Kompleks 1845



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, pipeløp over tak og detaljar som skilt og dekor m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på bygningen som del av eit variert kultur- og bygningsmiljø som det indre tunet på Løken representerer frå tida som prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Bygningen representerer ein bruksfunksjon som var vanleg på forsøksgardane i Norge i ein tidsperiode. Desse type bygningar står det få att av. Huset inngår som eit viktig element i det indre gardstunet på Løken.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

PARKERINGSBUS - VOGNSKJUL

Bygningsnr:	158228866
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1938 - 1939
AskeladdenID:	161013-11
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 4999 Kompleks 1845



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på bygningen som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø i overgangen mellom det indre og ytre tunet frå tida som prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Det tidligare vognskjulet/reiskapshuset representerer ein typisk og naudsynt funksjon på forsøks garden som lagerplass for hestereiskap og som vedlager. Huset er ein del av eit verdifullt bygningsmiljø som fortel om Løken som forsøks gard for fjellbygdene.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

STABBUR LØKEN

Bygningsnr:	158228815
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1938
AskeladdenID:	161013-12
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 4998 Kompleks 1845



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på bygningen som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø som det indre tunet på Løken representerer frå tida som prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Stabburet er ein del av eit verdifullt bygningsmiljø i inngangen til tunet som fortel om Løken som prestegard og forsøksgard. Stabburet vart oppført i 1938 som ein bygningstype som tradisjonelt har høyrd med på ein gard - og ein forsøksgard.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

TOMANNSBOLIG

Bygningsnr:	158228831
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1938 - 1939
AskeladdenID:	161013-2
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 4996 Kompleks 1845



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, pipeløp over tak og detaljar som skilt og dekor m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på denne bygningen som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø som det indre tunet på Løken representerer frå tida som prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Den tidligare forpaktarbustaden representerer ein epoke i Bioforsk sin historie. Liknande bustader vart bygd på dei fleste forsøksgardane. Det var vanskeleg å skaffe husvære for dei tilsette i bygda. Dessutan var det viktig å ha arbeidsfolk på garden som kunne sjå til husdyra og ha oppsyn med garden elles. Huset er ein tidstypisk bygningstype med ein funksjon som var vanleg på dei fleste forsøksgardane i Norge. Bygningen er det første huset ein møter på vegen inn på tunet. Huset er ein viktig del av kultur og bygningsmiløet i det indre firkanttunet i vest.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

UTOMHUS

Bygningsnr:	
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	
AskeladdenID:	161013-1
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 9903457 Kompleks 1845



Fredning utomhus

Omfang: Fredinga omfattar utomhusanlegga med areal, terreng, strukturar som park, hage, gardsrom og grøntområde, hovudelement som vegar, stigar, dekke, belegg, vegetasjon og annan grøntstruktur.

Avgrensinga av fredinga er markert på kartet.

Formål: Formålet med fredinga er å ta vare på eit verdifullt kulturmiljø med stor tidsdjupne og som viser Løkens historie som prestegard og forsøksgard for fjellbygdene.


Begrunnelse: Løken er den eldste forsøks garden som framleis er i bruk og dekkjer bygningshistoria så og seia heile tidsrommet det har vore forsøksverksemd i landbruket i Norge. Bygningane i det indre tunet står som ei ramme kring eit firkanta tun, med plenar og grøntareal i midten tilplanta med hengebjørk. Tunet inngår i eit viktig kulturmiljø med stor kulturhistorisk verdi og stor tidsdybde frå tida som presteenkjese, prestegard og som forsøks gard for fjellbygdene.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

VERKSTED/SMIE

Bygningsnr:	158228874
Gnr/bnr:	34/1
Oppført:	1850
AskeladdenID:	161013-10
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 5000 Kompleks 1845



Fredning bygning

- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, pipeløp over tak og detaljar som skilt og dekor m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på bygningen i seg sjølv og som del av eit variert og verdifullt bygnings- og kulturmiljø på Løken frå tida som prestegard og forsøksgard for fjellbygdene. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Huset har ei interessant historie som opphavleg sidefløy til hovudbygningen, teikna av Sverderup og Linstow etter ein typeplan som Kyrkejdepartementet gav ut 1835. Etter flyttinga vart huset innreidd som gardssmie som framleis er i funksjon og snikkarverkstad. Gardsmier er det få att av i landet. Huset representerer ein verdifull bygningstype og har verdi som del av eit verneverdig kultur- og bygningsmiljø.